

Fornyings- og  
administrasjonsdepartementet  
Postboks 8004 Dep  
0030 OSLO

Sakshandsamar: Atle Faye  
Direkte tlf.: 23 11 75 00

Vår ref.: 09/123-  
Dykkar ref.: 2007/00609-/TED

Vår dato: 01.07.2009  
Dykkar dato: 31.03.2009

## **Høyring - Statens kommunikasjonspolitikk**

ABM-utvikling, Statens senter for arkiv, bibliotek og museum, ser positivt på framlegget til ein ny statleg kommunikasjonspolitikk. Etter vårt syn har framlegget tatt opp i seg samfunnsutviklinga som har skjedd og den store teknologiske endringa som totalt har endra kommunikasjonsformene i samfunnet.

ABM-utvikling stør ei utvikling mot større demokratisk medverknad, innsyn og rett til uttale frå innbyggjarane når det gjeld offentlege tenester og tilbod. Vi stør dei fem prinsippa som er lagt til grunn i utkastet. Det er vidare svært viktig at staten brukar eit enkelt og godt språk, og er leiande på universell utforming.

I høyringsuttalen ynskjer vi også å drøfte nokre emne som ikkje er spesielt tatt opp i utkastet, men som i stor grad vil påverke kommunikasjonen framover.

### **Standardar for dokumenthandsaming**

Gode system, retningslinjer og rutinar for dokumenthandsaming og arkivering er grunnleggjande for openheit og dokumentinnsyn, og for å kunne dokumentere statsforvaltninga si verksemd.

I denne samanhengen vil vi peike på Riksarkivaren sitt arbeid med å utvikle ein felles norsk arkivstandard – Noark. Versjon 5 som vart lagt fram tidlegare i år set felles standard for blant anna vurdering, journalføring, arkivering og framlegging av elektronisk post.

Etter ABM-utvikling sitt syn er det viktig at det finst ein felles standard som sikrar at alle relevante dokument i ei sak er tilgjengelege for offentlegheita.

### **E-borgaren**

Den nyleg framlagte Sintef-rapporten ”eBorger 2.0” drøftar problemstillingar rundt at borgarane no både produserer og deler informasjon. Rapporten viser at det er stor skilnad i alder og bruksmåte. Den unge generasjonen er dei som aktivt brukar den nye delingskulturen, men også dei som er minst nøgd med dei offentlege tenestene i dag.

ABM-utvikling er samd med framlegget om å i stadig større grad ta i bruk elektroniske tenester. Etter vårt syn er berre snakk om kort tid før statlege organ bør gå bort frå bruk av trykksaker.

Men i dette ligg det ei stor demokratisk utfordring i å få med den generasjonen som ikkje meistarar den nye teknologiske plattformen. Det bør vere ei prioritert samfunnsoppgåve å gje opplæring slik at også desse innbyggjarane, som i hovudsak er den eldre generasjonen, blir ein del av den nye delingskulturen. Det er viktig at det blir gode kurstilbod for denne brukargruppa.

Offentlege bibliotek er ein viktig stad for innhenting av informasjon og bibliotekas samfunnsoppdrag er å sikre fri og uhindra tilgang til informasjon og kunnskap. Biblioteka over heile landet er såleis ein av viktigaste reiskapane til å få gjennomført den statlege kommunikasjonspolitikken.

Frå brukarundersøkingar veit vi at biblioteka er viktige møteplassar, både for opplæring i bruk av digitale verktøy, men også som stad for dei som ikkje har teknisk utstyr heime. Brukarundersøkingar viser at innvandrarane i svært høg grad nyttar PC og Internett når dei er på biblioteket. Difor er ei opprusting av opplæring og investeringar i nødvendig utstyr i biblioteka heilt nødvendig for at staten skal lukkast i gjennomføringa av den nye kommunikasjonspolitikken.

### **Gjennomsiktig journal**

Den nye offentleglova pålegg offentlege instansar å gjere journalen tilgjengeleg elektronisk. Det er viktig at staten held fram arbeidet med å få til felles databasar der brukarane lett kan skaffe seg kunnskap om offentlege brevbyte.

ABM-utvikling har dette året praktisert utvida meiroffentleggjing (for dokument som etter lovverket kan skjermast for innsyn), blant anna ved gjennomsiktig journal for søknader om utviklingsmidlar. Via nettsida har alle direkte innsyn i søknader og vedtak. Dette gjev ålmenta innsyn i både kva som går føre seg i arkiv, bibliotek og museum, og det styrkjer samfunnets kontroll med korleis offentlege midlar blir brukt. Berre den interne sakshandsaminga som det er særleg sterke grunnar til å skjermje av omsyn til intern saksførebuing, jf Offentlegheitslova kap. 3, §§ 14 og 15, er unntatt offentlegheit. Etter vårt syn bør fleire statlege etatar utfordrast til å praktisere auka grad av meiroffentleggjing.

### **Mobile og sosiale teknologiar**

I samband med at regjeringa denne våren legg fram tre stortingsmeldingar om abm-sektoren (bibliotekmelding, digitaliseringsmelding og museumsmelding) har ABM-utvikling starta ein blogg, [www.abm-blogg.no](http://www.abm-blogg.no), for samtale om utviklinga av arkiv, bibliotek og museum. Vi har også brukt blogg som eit arbeidsverktøy og opna opp arbeidsprosessane i samband med høyringar som gjeld biblioteksektoren, til dømes utkast til plan for kompetanseutvikling.

Sjølv om det er tidleg i prosessen vil vi allereie no fastslå at bloggen er med på å opne institusjonen for offentlegheita, gje fagpersonar ein stad å reflektere rundt faglege spørsmål og trekke innbyggjarar med i prosessen med å utforme framtidens samfunn. Dette er i tråd med intensjonane i den nye kommunikasjonspolitikken. Etter vårt syn bør statlege instansar i større grad aktivt prøve ut dei nye mobile og sosiale teknologiane.

ABM-utvikling ser svært positivt på at departementet har sett i gang fleire prosjekt for å bruke desse nye teknologiske verktøya. Vi tek gjerne meir aktivt del i dette arbeidet.

Med helsing

Leikny Haga Indergaard  
konstituert direktør

Atle Faye  
informasjonsdirektør